Hallingdølen

HELGEBEL

Nedturen vart starten på oppturen

Underslag og svik, konkurs og motgang er snudd til optimisme, framtidstru og ei dobling av elevtalet ved internatskulen for døve i Kenya.

Torbjørn Gunhildgard
tg@hallingdolen.no



Det er liv og røre rundt skulebygningane ved internatskulen som har 150 elevar. Ballspel er populært.
ALLE FOTO: TILSENDT



Undervisninga foregår på teiknspråk.

Draumen er å etablere eit universitet for døve i Kenya. Dersom det lykkast, er livsverket mitt fullført. Då kan eg trekke meg tilbake.

Dagleg leiar i Deaf Aid Isinya, Marit B. Kolstadbråten, er ei tilfreds og fornøgd dame for tida.

– Opptur etter konkurs

– Det var i 2018. Eg var veldig langt nede og på nippet til å gi opp alt. Eg hadde blitt svikta av ein medarbeidar som gjorde underslag. Det var eit sjokk og førte til at Deaf Aid gjekk konkurs, seier Kolstadbråten.

I ettertid viste det seg at konkursen vart eit positivt vendepunkt. Organisasjonen vart reetablert under namnet Deaf Aid Isinya Norge med ålingen Ola Stave som styreleiar.

– Me vart kvitt alle krav og kunne starte på nytt med blanke ark. No går alle inntektene til å drive skulen. Konkursen var starten på ein opptur, seier Marit B. Kolstadbråten.

> *Eg var veldig langt nede og på nippet til å gi opp alt. Eg hadde blitt svikta av ein medarbeidar.*
>
> **Marit B. Kolstadbråten**

Det har gått 22 år sidan Kolstadbråten var på ferietur i Kenya. Der oppdaga ho døve barn i slummen som levde under uverdige og valdelege forhold, utan skulegang eller nettverk rundt seg.

Der og då fekk Marit, som jobba ved Døves Media på Bakketeigen i Ål, ideen til det som skulle bli hjartebarnet og livsverket. Ho gjekk i bresjen for å byggje ein internatskule for døve barn utanfor hovudstaden Nairobi.

Det greidde ho. Marit B. Kolstadbråten pantsette huset og brukte eigne midlar til å koma i gang med prosjektet. Saman med støttespelarar var organisasjonen Deaf Aid og internatskulen for døve ein realitet nokre år seinare.

Konkurs, pandemi og motgang

Internatskulen i Kenya fylte eit stort behov.





Arbeidsfolk i aksjon utanfor skulebygningane ved internatskulen.



Styreleiar i organisasjonen, Ola Stave, og den norske delegasjonen var i vinter populære gjester under besøket ved døveskulen i Kenya.

Døve barn i alle aldrar vart henta frå slummen i og rundt Nairobi og fekk opplæring og omsorg. Privatpersonar og sponsorar stilte opp som økonomiske støttespelarar.

For seks år sidan kom plutseleg konkursen som var på nippet til å velte heile Deaf Aid-prosjektet. Eit par år seinare kom pandemien som førte til at internatskulen vart stengt i åtte månader. 74 elevar vart sendt tilbake til slummen. Det såg bekmørkt ut for vidare drift.

– Det var forferdeleg vondt og trist å måtte sende barna tilbake til slummen seier Marit B. Kolstadbråten.

Internatskule for 150 døve

Seks år etter konkursen, er eldsjela og grunnleggjaren for døveskulen i Kenya på offensiven og ser framover. Internatskulen og Deaf Aid Isinya har utvida drifta kraftig siste åra. ⟶



Døveskulen ligg i landsbyen Isinya, litt sør for hovudstaden Nairobi.



Blide og fornøgde barn ynskjer velkomen.



Dagleg leiar Marit B. Kolstadbråten har grunn til å smile fornøgd etter oppturen ved døveskulen i Kenya siste åra.

⟶ – Det gamle skulebygget er pussa opp, og me ha bygd to nye. Me har fått hybelhus, gjestehus og til saman 12 bygningar i skuleområdet. Me har rundt 150 internatelevar frå 3 til 18 år og kapasitet til 200. Det er 43 tilsette, av dei er 28 lærarar. Det eg drøymer om no er eit universitet som ville bli det fyrste for døve i Afrika. Men då treng me 10 millionar, seier eldsjela og gründeren Marit B. Kolstadbråten.

– Bruktbutikken livsviktig

For 12-13 år sidan starta Deaf Aid bruktbutikk i Ål sentrum der overskotet uavkorta går til internatskulen i Kenya. Den blir driven på dugnad av 17-18 godt vaksne damer.

– Bruktbutikken er livsviktig for oss. Den gir årlege inntekter på over 1,1 millionar kroner og dekkjer halve driftsbudsjettet. Eg er imponert over dugnadsinnsatsen til damene som står på år etter år. Det er også viktig at folk leverer varer og handlar der. Det bergar livet til døve og vanskelegstilte barn og unge, seier Marit B. Kolstadbråten.

> *Det eg drøymer om no er eit universitet som ville bli det fyrste for døve i Afrika.*
>
> **Marit B. Kolstadbråten**

– Dama som aldri gir opp

Dugnadsdamene i bruktbutikken gjer ein kjempeinnsats for Deaf Aid Isinya. Men største og viktigaste jobben for døveskulen i Kenya er det Kolstadbråten sjølv som gjer.

– Etter konkursen, pandemien og motgangen ville dei fleste gitt opp. Men Marit er dama som aldri gir seg. Ho er full av pågangsmot, seier styreleiar i Deaf Aid Isinya Norge, Ola Stave.

Han var med i ein delegasjon som var på 10 dagars skulebesøk ved internatskulen og safari i Kenya i februar.

– Det var imponerande og heilt fantastisk å sjå på nært hald kva ho har fått til, seier Stave.





Dagleg leiar i Deaf Aid Isinya, Marit B. Kolstadbråten (i midten) takkar Sigrid Guri Roen t.v og Else Veslegard og dei andre damene i bruktbutikken på Ål for dugnadsinnsatsen. Inntektene dekker halve driftsbudsjettet ved døveskulen i Kenya.

OVER KAFFIKOPPEN

Vits, ha, ha....

DET OPPSTÅR LETT vitsar og historier rundt samfunnstoppane, og ikkje minst politikarane våre.

I USA er det t.d. ein stor vitseindustri rundt Donald Trump og ein noko mindre rundt Joe Biden.

I Finland hadde dei på 70-talet eit rikt utval av Karjalainen-historier. Dei hadde sitt utspring i utanriksministerens elendige engelskkunnskap, hans hang til det sterke, og kva følgjer det kunne få. Det vert m.a. fortalt at han ein gong besøkte Krimhalvøya, den gong sovjetisk land. Han hadde øvd inn ei engelsk helsing, så då han steig ned frå flyet og opp på talarstolen, helsa han dei med «Hello, Criminals ...»

Også i Norge kryr det av historier rundt våre folkevalde. Mange av dei var store historieforteljarar sjølv, som Guttorm Hansen, Per Borten og Jon Leirfall. Mange bøker er skrivne om og av dei. Fleire slike bøker er førde i pennen av den ustanselege Hallgrim Berg, som har gitt oss mange innblikk i kva som eigentleg går føre seg bak Stortingets dører, og ikkje minst når dei er ute på reiser.

RUSSARANE ER KJENDE for sin svarte og bitande humor. Om du er saman med ein russar, tar det sjeldan lang tid før du får høyre ei historie. Og då ofte med dobbelt botn og ein skjult bodskap.

Til alle tider har russarane gjerne fortalt politiske vitsar for å lette på trykket. Men det må skje i det stille. Der er ein risiko. Forfølging, straff og bot kan vanke. Mange er blitt fengsla, ikkje berre for kritiske ytringar mot regimet, men også for humor. Det er med andre ord ikkje ufarleg å vere stand up-komikar i Russland.

«Hello, Criminals ...»


På 70-talet vart det kviskra om at partiformann Leonid Bresnjev var blitt dement. Og denne historia vart fortalt: «Ein dag sat Bresnjev på kontoret sitt i Kreml. Så banka det på døra. Bresnjev gjekk bort til døra, tok på seg brillene, trakk opp ei liste frå lomma og begynte å lese: - Kven er det ...?»

I PRAKSIS ER DET tabu å spøke offentleg med fleire tema. Som t.d. om Putin og andre mektige politikarar og embetsfolk, om kyrkja og ikkje minst om Stalin. Samtidig er det ikkje noko problem å gjere narr av homofile, lesbiske eller liberale demokrater. Også Putin gjer gjerne det.

Ikkje overraskande er det likevel Vladimir Putin dei fleste historiene handlar om. Denne spelar på russisk korrupsjon: «Ein mann spør Putin: Kva er to delt på to? Putin svarar: Det vanlege; ein til deg og tre til meg....»

At Putin er ein frykta herskar, viser denne: «Putin opnar kjøleskapet, der det står ein tallerken gelatin og skjelv. - Du treng ikkje vere redd, seier presidenten - eg skal berre ha litt mjølk ...»

ELLER DENNE: «Ein dommar kom ut frå rettssalen og lo så tårene trilla. Kva ler du av, spurde ein kollega. Eg har nettopp høyrt den beste vitsen eg nokon gong har høyrt, hiksta dommaren. Få høyre, sa den andre. Dessverre, sa den leande dommaren, eg har nettopp gitt ti års fengsel til han som fortalde den ...»



God helg!

Sigve.